# Å r s m e l d i n g 1983

for Hjellvik-gruppa(stadgruppe i Osterøy Idrettslag)

""""""""""

Styre i meldingsåret: formann Asbjørn Raknes
nestform. Agnar Hjellvik
kassast. Bjørn Mjelstad
skrivar Kirsten Festø
medlem Audny Birkeland
Varamedl.: Torgunn Stall,Harry Borge

Gruppestyra:(førstnemnde er form. og styremedl.)

Friidr.: Bjørn Villanger,Nils Brakestad, Audun Skår.

Fotball: Bjørnar Stall,Bjarte Mjelstad,Oddf. Skår

Ski: Reidar Stall,Lars O. Birkeland,Torgeir Stall.

Trim/orienter.: Johannes Hjellvik,Terje Raknes, Norvald Vedå.

Studieleiar: Olav Hjellvik.

Styret har hatt 4 møte i året.

Viktigaste saka som styret har arbeidd med dette året er planane om utviding av den komb. leike/idrettsplassen til ein idrettsplass med mål ca. 5om x 9o m. Søknad om tippemidlar er sendt,og ein vonar å få denne imøtekomen våren 1984 slik at arbeidet kan taka til på etter-sumaren . Vonleg vil realisering av denne planen setja monaleg fart i idrettsaktivitetane her hjå oss.

"Tirevoll over" vart arrangert i år som før om åra med middels god deltaking.
Stadgruppa har óg stått for avviklinga av lagsmeisterskapen i terrengløp. 7 personar har teke idrettsmerket dette året.

Trim for damer og herrar ein kveld i veka - som i fjor.
Dei hobbykveldane for born i alderen 9 - 15 år som foreldrerådet og idrettslaget starta i fjor,har halde fram også i hausthalvåret .
2 kveldar for veka har vore brukt til dette føremålet.

Nokre av dei yngre medlemene i stadgr. har tekke del i dei heil rekkje friidrettsstemner som friidr.gr. i hovudlaget har stått for.
Og i maistafetten på Valestrand deltok Hjellvik med 3 lag.

Skiaktiviteten har ikkje vore så bra som ynskeleg. Men det har vore arrangert lokale treningsrenn,og både eldre og yngre har teke del i utabygds skirenn/turrenn.

Fotballinteressa er til stades,men organisert divisjonsfotball har me for lite folk til å ta del i .

Alt i alt: Aktiviteten til stadgruppa kunne og burde har vore større i 1983. Men me ser lyst på framtida.

Hjellvik i november 1983.

f. Hjellvikgruppa

Asbjørn Raknes
form.

# Fjellvettgruppa

[illegible]

## Inntekter

30. Innt. v/ Idrettsarr. kr. 1040,-

Beholdn. 82:

kasse 3.067,65 + bank 185,-

\+ postgiro 861,82 = kr. 4.114,47

kr. 5.154,47

## Utgifter

| | | |
|---|---|---|
| 20 | Adm. utg. | kr. 341,- |
| 23 | Idr. materiell | " 1.828,80 |
| 22 | Utg. v/ egne idr. arr. | " 1.524,- |
| 27. | Div. utg. | 243,- |
| | | kr. 3936,80 |
| | Beholdning 83 | kr. 1217,67 |
| | kasse: 170,85 + bank 185,- + postg. 861,82 | kr. 5154,47 |

| | | |
|---|---|---|
| Beholdning | 82: | 4.114.47 |
| — " — | 83: | 1.217,67 |
| Underskot | 83: | 2 896,80 |

SPAREBANKEN V

000.573 A. Centraltrykkeriet 09.82